# Årsregnskap for regnskapsåret 2006

| | |
|---|---|
| Organisasjonsnr: | 982 451 167 |
| Navn/foretaksnavn: | HERØY KYSTMUSEUM |
| Forretningsadresse: | Herøy Gard Notøy |
| | 6070 TJØRVÅG |

Brønnøysundregistrene
08.09.2020

Brønnøysundregistra
Rekneskapsregisteret

Organisasjonsnr. 982 451 167 FLI

HERØY KYSTMUSEUM
co/ Kjell Håvard Hatløy
6070 TJØRVÅG

Retur til:
Brønnøysundregistra
Rekneskapsregisteret
8910 BRØNNØYSUND

## VEDLEGG TIL ÅRSREKNESKAP 2006

| | |
|---|---|
| Registrerte opplysningar per 02.11.2007 | Eventuelle endringar dette rekneskapsåret |
| Startdato 01.01.2006 | Endra startdato (dd.mm.åååå) |
| Avslutningsdato 31.12.2006 | Endra avslutningsdato (dd.mm.åååå) |
| Morselskap i konsern NEI | Endra konsernforhold ☐ Morselsk ☐ Ikkje morselsk |

| | | |
|---|---|---|
| Dersom eininga ikkje følgjer norsk rekneskapslov, kryss av | ☐ IFRS selskap | ☐ IFRS konsern |
| Dersom eininga vel å avvike frå rekneskapslova § 6-1, kryss av | ☐ Funksjon selskap | ☐ Funksjon konsern |

**Må fyllast ut:**

| | |
|---|---|
| Blir rekneskapsreglane for små føretak følgde? | ☒ Ja ☐ Nei |
| Eg stadfestar at den vedlagde årsrekneskapen er fastsett av kompetent organ den | Dato 13/11-07 |
| Stad/dato, Underskrift av representant for selskapet | |
| Ålesund, den 13/11-07. | [signature] |

Berre til bruk for Rekneskapsregisteret

sunnmøre museum
og Borgundkaupangen
Borgundgavlen, N-6015 Ålesund
Tlf. 70 17 40 00, Fax 70 17 40 01

G ☒ NYVE ☐ Admr ☐ Kregn Ja ☐ Nei ☒ Utl kregn ☐

M ☒ Rets ☐ Ant.s 20

☒ ov.b ☐ årsb ☐ res ☐ bal ☐ e.bal ☐ gj.bal ☐ rev ☐ i-rev ☐ k-res ☐ k-bal ☐ k-n ☐ k-rev ☐ i-k-rev ☐ n

☐ alm.n ☐ kto ☐ d.k ☐ ☐ ☐ ☐ ☐ ☐ ☐ ☐ ☐ funk ☐ u.off ☐ brev

BR-1001-06

# Resultatregnskap

## Herøy Kystmuseum

| Driftsinntekter og -kostnader | Note | 2006 | 2005 |
|---|---|---|---|
| Salgsinntekter | | 106 412 | 153 314 |
| Tilskudd og støtte | | 70 000 | 60 000 |
| Leieinntekter | | 34 890 | 26 049 |
| Andre driftsinntekter | | 7 750 | 0 |
| **Sum driftsinntekter** | | **219 052** | **239 363** |
| | | | |
| Varekostnader | | 27 275 | 20 316 |
| Andre driftskostnader | 2 | 182 079 | 178 271 |
| **Sum driftskostnader** | | **209 354** | **198 587** |
| | | | |
| **Driftsresultat** | | **9 698** | **40 775** |
| | | | |
| **Finansinntekter og -kostnader** | | | |
| Renteinntekter | | 110 | 105 |
| Rentekostnader | | 50 | 0 |
| **Resultat av finansposter** | | **60** | **105** |
| | | | |
| **Ordinært resultat før skattekostnad** | | **9 758** | **40 880** |
| | | | |
| **Årets resultat** | | **9 758** | **40 880** |
| | | | |
| **Overføringer** | | | |
| Avsatt til egenkapital | | 9 758 | 40 880 |
| **Sum overføringer** | | **9 758** | **40 880** |

# Balanse

## Herøy Kystmuseum

| EIENDELER | Note | 2006 | 2005 |
|---|---|---|---|
| **Omløpsmidler** | | | |
| ***Fordringer*** | | | |
| Kundefordringer | | 630 | 1 905 |
| Andre kortsiktige fordringer | | 0 | 4 044 |
| ***Bankinnskudd, kontanter o.l.*** | | | |
| Bankinnskudd, kontanter o.l. | | 137 145 | 137 755 |
| **Sum omløpsmidler** | | **137 775** | **143 704** |
| **Sum eiendeler** | | **137 775** | **143 704** |

# Balanse

Herøy Kystmuseum

| EGENKAPITAL OG GJELD | Note | 2006 | 2005 |
|---|---|---|---|
| **Egenkapital** | | | |
| ***Innskutt egenkapital*** | | | |
| Selskapskapital | | 23 879 | 14 121 |
| ***Opptjent egenkapital*** | | | |
| Fond Ærespris 1993 | | 11 098 | 11 098 |
| Akkumulerte resultat | | 86 258 | 86 258 |
| **Sum egenkapital** | 4 | **121 235** | **111 477** |
| **Gjeld** | | | |
| ***Kortsiktig gjeld*** | | | |
| Leverandørgjeld | | 5 434 | 19 532 |
| Skyldige offentlige avgifter | | 550 | 550 |
| Annen kortsiktig gjeld | | 10 556 | 12 145 |
| **Sum kortsiktig gjeld** | | **16 540** | **32 227** |
| **Sum gjeld** | | **16 540** | **32 227** |
| **Sum egenkapital og gjeld** | | **137 775** | **143 704** |

TJØRVÅG, den 30.01.2007
I styret for Herøy Kystmuseum

Tor Sindre Steinsvik
*Styrets leder*

Dag Hennum
*Nestleder*

Eli Vike Nerland
*Styremedlem*

Bjørn Otterlei
*Styremedlem*

Jarl Grimstad
*Styremedlem*

Håvard Hatløy
*Daglig leder*

# Noter til årsregnskapet 2006

Herøy Kystmuseum

## NOTE 1 REGNSKAPSPRINSIPPER

Årsregnskapet er satt opp i samsvar med regnskapsloven og god regnskapskikk for små foretak.

## NOTE 2 LØNNSKOSTNADER, ANTALL ANSATTE, GODTGJØRELSER M.M.

Selskapet har ingen ansatte og det er ikke utbetalt godtgjørelse til styret eller andre ledende personer.

**Revisor**
Kostnadsført revisjonshonorar for år 2006 utgjør kr. 4.800,- ekskl.mva.

## NOTE 3 DRIFTSMIDLER

| Driftsmidler | Inventar og utstyr |
|---|---|
| Anskaffelseskost 1.1 | 174 428 |
| Mottatt tilskudd | -150 000 |
| Samlede avskrivninger pr. 31.12 | -24 428 |
| **Bokført verdi pr. 31.12.** | **-** |
| Årets avskrivninger | - |
| Økonomisk levetid | 4 år |
| Avskrivningsplan | Lineær |

## NOTE 4 EGENKAPITAL

| | Selskapskapital | Fond Ærespris | Akkumulerte resultat | Sum |
|---|---|---|---|---|
| Egenkapital 01.01. | 14 121 | 11 098 | 86 258 | 111 477 |
| ***Årets endring i egenkapital*** | | | | |
| Årets resultat | | - | 9 758 | 9 758 |
| **Egenkapital 31.12.** | **14 121** | **11 098** | **96 016** | **121 235** |

Herøy Kystmuseum

**Spesifikasjon av resultatregnskapet**

## Herøy Kystmuseum

| | | 2006 | 2005 |
|---|---|---|---|
| **Salgsinntekter** | | | |
| 3110 | Kioskdrift | -54 739,00 | -68 239,50 |
| 3130 | Boksalg, telefonpenger, div. salg | 0,00 | -1 240,00 |
| 3141 | Leige av omvisar | 0,00 | -250,00 |
| 3630 | Billettinntekter | -51 672,50 | -83 164,00 |
| 3990 | Fakturagebyr | 0,00 | -420,00 |
| | | **-106 411,50** | **-153 313,50** |
| **Tilskudd og støtte** | | | |
| 3402 | Tilskudd Sunnmøre museum | -50 000,00 | -10 000,00 |
| 3920 | Herøy kommune tilskudd | -20 000,00 | 0,00 |
| 3922 | Prosjektmidler, Sunnmøre Museum | 0,00 | -50 000,00 |
| | | **-70 000,00** | **-60 000,00** |
| **Leieinntekter** | | | |
| 3600 | Diverse leieinntekter | -33 110,00 | -26 049,00 |
| 3601 | Utleige båtar m/rettleiar | -1 780,00 | 0,00 |
| | | **-34 890,00** | **-26 049,00** |
| **Andre driftsinntekter** | | | |
| 3910 | Andre driftsinntekter, konsulent | -7 750,00 | 0,00 |
| | | **-7 750,00** | **0,00** |
| **Varekostnader** | | | |
| 4120 | Varekjøp kafe | 27 275,11 | 20 316,03 |
| | | **27 275,11** | **20 316,03** |
| **Andre driftskostnader** | | | |
| 5980 | Kurs, seminar | 1 200,00 | 1 300,00 |
| 6200 | Straum | 50 908,37 | 37 659,50 |
| 6320 | Kommunale avgifter | 6 323,00 | 13 062,00 |
| 6540 | Inventar og utstyr | 545,00 | 2 467,50 |
| 6570 | Arbeidsklær | 0,00 | 799,00 |
| 6580 | Innkjøp Samlingane | 30 000,00 | 0,00 |
| 6590 | Driftsmatriell, rekvisita | 8 361,45 | 3 558,50 |
| 6621 | Rep., vedlikehold hus, gjenstander | 763,00 | 18 718,00 |
| 6625 | Rep., vedlikehold Jekta | 13 689,71 | 27 589,75 |
| 6641 | Restaurering utstyr | 2 500,00 | 0,00 |
| 6701 | Revisjonshonorar | 6 000,00 | 6 001,00 |
| 6705 | Regnskapshonorar | 13 819,00 | 14 278,00 |
| 6790 | Honorar innleide tjenester | 0,00 | 1 500,00 |

Herøy Kystmuseum Side 1

## Spesifikasjon av resultatregnskapet

# Herøy Kystmuseum

| | | 2006 | 2005 |
|---|---|---|---|
| 6800 | Kontorrekvisita | 313,00 | 958,00 |
| 6810 | Vedlikehold EDB, programvare | 737,00 | 0,00 |
| 6825 | Verktøy, material verkstad | 3 070,00 | 0,00 |
| 6900 | Telefon | 10 275,69 | 9 965,94 |
| 6940 | Porto | 955,00 | 2 789,00 |
| 7000 | Bensin, olje | 0,00 | 345,00 |
| 7140 | Reise og opphold etter regning | 0,00 | 5 244,50 |
| 7321 | Reklame, annonser | 8 185,50 | 8 533,75 |
| 7400 | Kontingenter | 3 780,00 | 3 492,50 |
| 7501 | Forsikring Jekta | 18 878,52 | 19 129,00 |
| 7790 | Diverse kostnader | 1 040,47 | 2,80 |
| 7795 | Bankgebyr | 734,00 | 877,50 |
| | | **182 078,71** | **178 271,24** |
| **Renteinntekter** | | | |
| 8050 | Renter av bankinnskudd | -110,13 | -104,52 |
| | | **-110,13** | **-104,52** |
| **Rentekostnader** | | | |
| 8155 | Leverandørrenter | 50,00 | 0,00 |
| | | **50,00** | **0,00** |
| **Avsatt til egenkapital** | | | |
| 9900 | Til egenkapital | 9 757,81 | 40 879,75 |
| | | **9 757,81** | **40 879,75** |

## Spesifikasjon av balansen

# Herøy Kystmuseum

| | | 2006 | 2005 |
|---|---|---|---|
| **Kundefordringer** | | | |
| 1500 | Kundefordringer | 630,00 | 1 905,00 |
| | | **630,00** | **1 905,00** |
| **Andre kortsiktige fordringer** | | | |
| 1741 | Forskuddsbetalte kostnader | 0,00 | 4 044,00 |
| | | **0,00** | **4 044,00** |
| **Bankinnskudd, kontanter o.l.** | | | |
| 1900 | Kasse | 3 311,50 | 3 452,50 |
| 1930 | Nordea 6566.05.13129 | 225,81 | 225,68 |
| 1935 | Sparebanken Møre 3910.26.33567 prosj.k. | 51 507,55 | 63 165,50 |
| 1940 | Sparebanken Møre 3909.30.28515 | 80 175,30 | 68 902,20 |
| 1950 | Sparebanken Møre sk.tr. 3909.07.55645 | 978,00 | 973,00 |
| 1970 | Postbanken 0530.38.71308 | 947,00 | 1 036,00 |
| | | **137 145,16** | **137 754,88** |
| **Selskapskapital** | | | |
| 2000 | Egenkapital | -23 879,08 | -14 121,27 |
| | | **-23 879,08** | **-14 121,27** |
| **Fond Ærespris 1993** | | | |
| 2051 | Fond Ærespris 1993 | -11 098,00 | -11 098,00 |
| | | **-11 098,00** | **-11 098,00** |
| **Akkumulerte resultat** | | | |
| 2080 | Akkumulert resultat | -86 258,08 | -86 258,08 |
| | | **-86 258,08** | **-86 258,08** |
| **Leverandørgjeld** | | | |
| 2400 | Leverandørgjeld | -5 434,00 | -19 531,53 |
| | | **-5 434,00** | **-19 531,53** |
| **Skyldige offentlige avgifter** | | | |
| 2780 | Arb.g.avg. av påløpte feriepenger | -550,00 | -550,00 |
| | | **-550,00** | **-550,00** |
| **Annen kortsiktig gjeld** | | | |

**Spesifikasjon av balansen**

# Herøy Kystmuseum

| | | 2006 | 2005 |
|---|---|---|---|
| 2940 | Påløpne feriepenger | -5 116,00 | -5 116,00 |
| 2960 | Påløpte kostnader | -5 440,00 | -7 029,00 |
| | | **-10 556,00** | **-12 145,00** |

## Saldobalanse

Klient Herøy Kystmuseum
Fødsels-/org.nr 982 451 167

| Kontonr | Kontobetegnelse | Foreløpig 2006 | Oppgjørsposter 2006 | Endelig 2006 |
|---|---|---|---|---|
| 1500 | Kundefordringer | 630,00 | 0,00 | 630,00 |
| 1900 | Kasse | 3 311,50 | 0,00 | 3 311,50 |
| 1930 | Nordea 6566.05.13129 | 225,81 | 0,00 | 225,81 |
| 1935 | Sparebanken Møre 3910.26.33567 prosj.k. | 51 507,55 | 0,00 | 51 507,55 |
| 1940 | Sparebanken Møre 3909.30.28515 | 80 175,30 | 0,00 | 80 175,30 |
| 1950 | Sparebanken Møre sk.tr. 3909.07.55645 | 978,00 | 0,00 | 978,00 |
| 1970 | Postbanken 0530.38.71308 | 947,00 | 0,00 | 947,00 |
| 2000 | Egenkapital | -14 121,27 | -9 757,81 | -23 879,08 |
| 2051 | Fond Ærespris 1993 | -11 098,00 | 0,00 | -11 098,00 |
| 2080 | Akkumulert resultat | -86 258,08 | 0,00 | -86 258,08 |
| 2400 | Leverandørgjeld | -5 434,00 | 0,00 | -5 434,00 |
| 2780 | Arb.g.avg. av påløpte feriepenger | -550,00 | 0,00 | -550,00 |
| 2940 | Påløpne feriepenger | -5 116,00 | 0,00 | -5 116,00 |
| 2960 | Påløpte kostnader | 0,00 | -5 440,00 | -5 440,00 |
| 3110 | Kioskdrift | -54 739,00 | 0,00 | -54 739,00 |
| 3402 | Tilskudd Sunnmøre museum | -50 000,00 | 0,00 | -50 000,00 |
| 3600 | Diverse leieinntekter | -33 110,00 | 0,00 | -33 110,00 |
| 3601 | Utleige båtar m/rettleiar | -1 780,00 | 0,00 | -1 780,00 |
| 3630 | Billettinntekter | -51 672,50 | 0,00 | -51 672,50 |
| 3910 | Andre driftsinntekter, konsulent | -7 750,00 | 0,00 | -7 750,00 |
| 3920 | Herøy kommune tilskudd | -20 000,00 | 0,00 | -20 000,00 |
| 4110 | Varekjøp kioskvarer | 900,42 | -900,42 | 0,00 |
| 4120 | Varekjøp kafe | 26 374,69 | 900,42 | 27 275,11 |
| 5980 | Kurs, seminar | 1 200,00 | 0,00 | 1 200,00 |
| 6200 | Straum | 46 468,37 | 4 440,00 | 50 908,37 |
| 6320 | Kommunale avgifter | 6 323,00 | 0,00 | 6 323,00 |
| 6360 | Renhold og renovasjon | 29,00 | -29,00 | 0,00 |
| 6540 | Inventar og utstyr | 545,00 | 0,00 | 545,00 |
| 6580 | Innkjøp Samlingane | 30 000,00 | 0,00 | 30 000,00 |
| 6590 | Driftsmatriell, rekvisita | 8 332,45 | 29,00 | 8 361,45 |
| 6621 | Rep., vedlikehold hus, gjenstander | 763,00 | 0,00 | 763,00 |
| 6625 | Rep., vedlikehold Jekta | 15 515,23 | -1 825,52 | 13 689,71 |
| 6641 | Restaurering utstyr | 2 500,00 | 0,00 | 2 500,00 |
| 6695 | Vedlikehold mv Anna Olava | 2 969,00 | -2 969,00 | 0,00 |
| 6701 | Revisjonshonorar | 5 000,00 | 1 000,00 | 6 000,00 |
| 6705 | Regnskapshonorar | 13 819,00 | 0,00 | 13 819,00 |
| 6800 | Kontorrekvisita | 313,00 | 0,00 | 313,00 |
| 6810 | Vedlikehold EDB, programvare | 737,00 | 0,00 | 737,00 |
| 6825 | Verktøy, material verkstad | 3 070,00 | 0,00 | 3 070,00 |
| 6900 | Telefon | 10 275,69 | 0,00 | 10 275,69 |
| 6940 | Porto | 955,00 | 0,00 | 955,00 |
| 7321 | Reklame, annonser | 8 185,50 | 0,00 | 8 185,50 |
| 7400 | Kontingenter | 3 780,00 | 0,00 | 3 780,00 |
| 7501 | Forsikring Jekta | 14 084,00 | 4 794,52 | 18 878,52 |
| 7790 | Diverse kostnader | 1 040,47 | 0,00 | 1 040,47 |
| 7795 | Bankgebyr | 734,00 | 0,00 | 734,00 |
| 8050 | Renter av bankinnskudd | -110,13 | 0,00 | -110,13 |
| 8155 | Leverandørrenter | 50,00 | 0,00 | 50,00 |
| 9900 | Til egenkapital | 0,00 | 9 757,81 | 9 757,81 |
| | | **0,00** | **0,00** | **0,00** |

### Sammendrag

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| 1110 | - 1970 | 137 775,16 | 0,00 | 137 775,16 |
| 2000 | - 2960 | -122 577,35 | -15 197,81 | -137 775,16 |
| 3110 | - 3999 | -219 051,50 | 0,00 | -219 051,50 |
| 4080 | - 4190 | 27 275,11 | 0,00 | 27 275,11 |
| 5010 | - 5990 | 1 200,00 | 0,00 | 1 200,00 |
| 6010 | - 6940 | 147 614,74 | 645,48 | 148 260,22 |
| 7000 | - 7830 | 27 823,97 | 4 794,52 | 32 618,49 |
| 8050 | - 8155 | -60,13 | 0,00 | -60,13 |
| 9900 | - 9910 | 0,00 | 9 757,81 | 9 757,81 |
| | | **0,00** | **0,00** | **0,00** |

Maestro Årsoppgjør Herøy Kystmuseum Side 1

# Posteringsdokumentasjon

**Alle posteringer**

Klient Herøy Kystmuseum
Fødsels-/org.nr 982 451 167

| Nr | Dato | Tekst | Beløp | Debet | Kredit |
|---|---|---|---|---|---|
| **Tilleggsposteringer** | | | | | |
| T1 | 31.12.2006 | Overføring | 900,42 | 4120 Varekjøp kafe | 4110 Varekjøp kioskvarer |
| T2 | 31.12.2006 | Overføring | 29,00 | 6590 Driftsmatriell, rekvisita | 6360 Renhold og renovasjon |
| T3 | 31.12.2006 | B 21032 forsikring jekta feil konto | 4 794,52 | 7501 Forsikring Jekta | 6625 Rep., vedlikehold Jekta |
| T4 | 31.12.2006 | B 21065 overføring | 2 969,00 | 6625 Rep., vedlikehold Jekta | 6695 Vedlikehold mv Anna Olava |
| T5 | 31.12.2006 | Påløpt revisjon 31.12 | 1 000,00 | 6701 Revisjonshonorar | 2960 Påløpte kostnader |
| T6 | 31.12.2006 | Påløpt strøm | 4 440,00 | 6200 Straum | 2960 Påløpte kostnader |
| **Disponeringer** | | | | | |
| D1 | 31.12.2006 | Herøy Kystmuseum | 9 757,81 | 9900 Til egenkapital | 2000 Egenkapital |

Vi bekrefter herved at ovennevnte posteringer er utført på bakgrunn av instruks fra oss.

Herøy Kystmuseum
Tjørvåg 19.04.07

Håvard Haug
..........................................

Maestro Amesonier Herøy Kystmuseum Side 1

# Årsregnskap

**2006**

## Herøy kystmuseum

Org.nr. 982 451 167



BDO Noraudit

BDO Noraudit Ulsteinvik AS
Bjørndalvegen 7B
Postboks 93
N-6067 Ulsteinvik

Telefon +47 70 01 81 81
Telefax +47 70 01 81 91
Foretaksregisteret: NO 945 669 519 MVA
ulsteinvik@bdonoraudit.no
www.bdonoraudit.no

Vår ref: MBL / EZ
Side: 1

**HERØY KYSTMUSEUM**

**REVISJONSNOTAT PR. 31.12.2006**

1. Bilag 40108, 40109 Innskudd i bank etter marknad.
   Kiosk og billettsalg er bokført på grunnlag av bankinnbetalinger.
   Det må settes opp et oppsett som spesifiserer omsetningen.

2. Bilag 21049 og bilag 21056 faktura fra Coop Nord-Sun.
   Faktura henviser til spesifikasjon. Spesifikasjonen må vedheftes som dokumentasjon.

3. Konto 2940 Påløpte feriepenger
   Feriepenger fra 2004 er ikke utbetalt.
   Påse at dette gjøres snarest.

4. Øvrige posteringer ved årsavslutningen. Se vedlagt liste over tilleggsposteringer.

Ulsteinvik, 9. mars 2007

Eldar Zahl
Registrert revisor

BDO International is a world wide network of public accounting firms, called BDO Member Firms, serving international clients. Each BDO Member Firm is an independent legal entity in its own country.

Foretaksregisteret: NO-945 669 519 MVA
Medlem av Den norske Revisorforening
BDO Noraudit har kontorer over hele landet.
For oppdatert oversikt se www.bdonoraudit.no

# ÅRSRAPPORT 2006 FOR HERØY KYSTMUSEUM

## 1.0 INNLEIING

Store restaureringsprosjekt står for tur, og økonomien byrja å felle på plass før utgangen av året. Investeringa dei neste fem åra vert på minst ein million i den samanheng. Eigarane, Herøy kommune, vil løyve kr 200.000,- per år i denne perioda.

Å få korrekte besøkstal er ei utfordring. ABM-utvikling har derfor sett nokre retningslinjer;

- Med "besøk" meiner vi ein person som kjem til museet for å bruke utstillingar og tenester.
- For friluftsmuseum reknar vi personar som oppheld seg på museet sitt område medan museet er ope.
- Personar som oppheld seg i museets lokale i samband med utleige til anna enn museumsføremål, skal ikkje reknast med.

Etter tellingsmåten me har nytta før, har besøkstalet totalt gått ned frå 10498 registrerte i 2005, til 8628 registrerte i 2006. Det høge talet i 2005 kjem av det store formidlingsprosjektet *Dvale*, eit samarbeid med Marit Moltu og den kulturelleskulesekken. Tala er basert på billettsalg, anslag og tilfeldig registrering av dei som besøker øya. Spørsmålet er om ein skal telje personar som berre oppheld seg i tunet. I 2006 løyste 3886 billett.

Formidling er eit viktig og prioritert område. Særleg er formidling av Herøy Gard si historie og vår gamle kystkultur til dei unge viktig. Elles vert det arbeidd kontinuerleg med utvikling av undervisningsopplegg for skulane.

Det vert forska på den gamle sunnmørsbåten, snidbetningen. Avdelingsleiaren har delteke i båtbygging i Bjørkedalen og dokumentert bygginga av ein snidbetna færing. Utprøving av dei gamle sunnmørsbåtane er eit viktig arbeid for å forstå heilskapen. Herøy Museumsbåtlag er sentral i denne samanheng. Dei har gjennom bruk av museet sine og andre båtar tileigna seg verdifull kunnskap. Båtlaget har dreve med vedlikehald og båtsetting av museet sine båtar, totalt 361 dugnadstimar.

## 2.0 PROFIL

Herøy Kystmuseum omfattar Herøy Gard (gbnr. 39/1, 2) med påståande bygningar. Herøy kommune eig garden der eigarstyret for museet og kommuna har ansvar for ulike bitar. Bnr 2 er den parsellen som bl.a. kyrkjeruinane og gravplassen ligg.

Herøy Kystmuseum har status som halvoffentleg museum, med eit kommunalt oppnemnt eigarstyre som er samansett av Herøy Museumsbåtlag, Herøy Sogelag, Herøy og Sande Husflidslag, Stiftinga Herøyspelet og ein politisk representant frå kommuna. Museet er ei avdeling under Stiftinga Sunnmøre Museum(SSM). Staten gjennom SSM og kommuna gir økonomisk tilskot til drifta.

Føremålet er å drive innsamling, forsking og formidling av kunnskap om handelsstaden Herøy Gard, og historia som elles er knytt til øya, med liner til kystkulturen.

*Målsetjing for museet:*

- Arbeide vidare med utvikling, rekonstruksjon av handelsstaden slik den framstod på 1800-talet.
- Arbeide for synleggjering/ tilbakeføring av kulturlandskapet slik at det fysisk kan syne gardsdrifta på øya fram til 1900.
- Arbeide for å auke kunnskapen omkring middelalderkyrkja og bygninga som har stått på klosterhaugen, med omsyn til forskning relatert til kyrkja og middelalderen.

## 3.0 STYRET SITT ARBEID

Styret har hatt 6 styremøter (HKM): 16.1, 28.3, 4.5, 19.9, 4.10, 20.11

**Styremedlemmar:**
Bjørn Otterlei - for Herøy kommune - på val i 2007. Vara: Oddrun E. Kleppe.
Tor-Sindre Steinsvik - for stiftinga Herøyspelet - på val i 2007. Vara: Adolf Petter Espeseth.
Dag Hennum - for Herøy Museumsbåtlag - på val i 2008. Vara: Rudolf Steger.
Jarl Grimstad - Herøy Sogelag - på val i 2008. Vara: Olav Solheim.
Kari Holkestad - Herøy og Sande Husflidslag - på val i 2007. Vara: Inger Hasfjord.

## 4.0 ADMINISTRASJON OG TILSETTE

**4.1 Tilsette**
Avdelingsleiar: Håvard Haraldson Hatløy i 100% stilling.

**4.2 Vakter/ sommarhjelp**
Omvisarar: Søndagane i juni. I ferien til avd.leiar. Søndagane ut august.
Ekstrahjelp til omvising: Ved ulike høve.
Tilsette omvisarar: Marit Moltu og Kari Janne Stenersen.

**4.3 Kurs, seminar, etterutdanning – kompetanseutvikling**
**Seminar:** Råseglseminar i september ved Hardanger Fartøysenter.

**4.4 Opningstider**
**Juni:** Tir - fre kl 12:00 - 16:00. Sundag kl 12:00-18:00.
**Juli - 13.august:** Tir - laur kl 13:00 - 18:00. Sundag kl 12:00 - 18:00.
**15 -31.august:** Tir - fre kl 12:00 - 16:00. Sundag kl 12:00-18:00.
**Elles i året:** Ope etter avtale på førehand. Omvisning; for grupper på bestilling.

**4.5 Prosjektarbeid**

**4.6 Møter og synfaringar**
Avdelingsleiarmøter: 31.1, 7.3, 19.4, 22.8, 1.11
SSM-møter (Arb.miljødag, budsjett, fellesmøter): 24.1, 31.1, 16.2, 26.9, 7.11, 5.12
Jubileumsmarkering: 31.3
Samarbeidsmøter: 14.3, 23.3, 10.11,

## 5.0 MARKEDSFØRING

- Gjennom Norsk Kulturarv.
- Fordeling av infofolder om Herøy Gard 2006.
- Gjennom Herøyspelet.
- Internett heimeside.
- Felles nettportal.
- Lysing i lokalaviser.

## 6.0 FORMIDLING

**6.1 Utstillingar**

**6.1.1 Basisutstilling**

- Kyrkjeinventar: Bilder av ulike gjenstandar og inventar som høyrde til den gamle steinkyrkja.
- Faste utstillingar rundt om i bygningane: Møblar, jordbruk- og fiskereiskapar og båtar.
- Veving: Aktiv veving på stabbur og på loft i hovudhuset.
- Krambuda: Bortsett frå litt maling av veggar, er ein ikkje kome lenger med rekonstruksjonen.

**6.1.2 Temporære utstillingar**

- Ishavsgalleriet: Om isfangst, skuter, menn og miljø frå Tjørvågbygda.
- Lokalhistorikar Bjarne Rabben: Ei lita minneutstilling over Bjarne Rabben, er utstillt på loftet i hovudhuset.
- Fotoutstilling på sjøbuda av gamle bilder frå Herøy kommune i byrjinga av 1900-talet.

- Stolutstilling i salen. "50 stolar og ein krakk frå før nitten 50", av Marit Moltu. Opna om hausten. Marit jobba med denne utstillinga medan ho var omvisar om sommaren. Planen er at den skal få stå til sommaren 2007.

**6.2 Tilbod til skular og barnehagar**
Skulane i regionen har fått tilbod om å kunne delta i ulike aktivitetar knytt til båt, sjøliv, leirliv og lokalhistorie. Mange skular nyttar øya elles til uteliv og ekskursjonar.
*Desse har nytta seg av tilbodet:* Ytre Herøy ungdomskule, Ulstein ungdomskule, Stokksund barneskule, Herøy vidargåandeskule.

*Andre skular, barnehagar og lag:* Høgtun folkehøgskule, Melsom vgs., Borgund folkehøgskule, Sunnmøre folkehøgskule, Herøy Dykkerklubb, Høgskulen i Hedmark.

**Jekta:** Stell - bruk - tur - historisk samanheng, med jekta Anna Olava. Sunnmøre Folkehøgskule har vore med på stell og bruk av jekta. Dei ynskjer å vere med på dette årleg som ein del av undervisninga ved skulen.

**Barking av jekteseglet:** Samarbeidsopplegg med Volda Bygdetun, Lars Longva og Herøy Kystmuseum. Skuleklasser og høgskulestudentar frå Volda deltok i prosessen i lag med Herøy Museumsbåtlag og andre interesserte.

**6.3 Omvisning**
Vitjande har fått tilbod om omvisning på museet og rundt omkring på øya. Dei som har hatt ynskje om ei særskilt omvisnig med ulike historiske/ faglege tema har fått det. Museet tilbyr omvisning også på tysk og engelsk.

**6.4 Andre aktivitetar, arrengement**
- **Museumsbåtlaget har hatt aktivitetsdagar ved museet;** veving, seglmaking, båtstell, høvling av master, barking, m.m.
- **Herøystemne 5.juni.** Herøy Sogelag har hatt ansvar for logestikken, program, matsalg og servering med all dugnadshjelp som trengs under arrangementet. Om lag 200 var innom stemnet.
- **Herøyspelet "Kongens Ring", 30.juni-2.juli.** Stiftinga Herøyspelet har hatt ansvaret for logestikken, matsalg og servering med all dugnadshjelp som trengs under arrangementet. Om lag 2000 var registrert på spelet.
- **Marknadsdagar/ båttreff. 19-20.september.** Museet/ eigarstyret har hatt ansvar for arrangementet med eit nært samarbeid med Herøy Museumsbåtlag og Herøy og Sande Husflidslag. Totalt besøkande: 1245, der 645 var voksne betalande. 500 born slapp inn gratis og 100 voksne ikkje betalande.

**6.5 Publikasjonar**
Eigen informasjonsfolder.

**6.6 Anna**
Formidling av handlingsboren kunnskap på Marknadsdagar og Museumsbåtlagsmøter. Nemner i denne samanheng; Handsagskjering på sagstilling, rying av tømmerstokk, barking av segl, naturgarving av saudeskinn, høvling av master, sauming av råsegl.

## 7.0 FORSKING/KUNNSKAPSPRODUKSJON
**Båtbygging/ båtregistrering:** Bjørkedalen 7.2- 8.2, Håvard Haraldson Hatløy deltok i lag med Jakob Sigurdson Bjørkedal. Bygging av ein snidbetna færing til Ytste-Skotet. Tolking orginal færing frå Sandshamn. Dokumentasjon under bygging og rapportskriving. Oppmåling av orginalbåt. Oppmåling av Kjølåsfæringen, ein snidbetna Strandafæring bygd av Ivar Jonson Hessegjerde i 1889.

**Barking av jekteseglet:** Gamle oppskrifter vart henta fram og utprøvd. Resultatet vart godt og vil verte utført med 2-3 år mellomrom, alt etter bruken av seglet. Dokumentasjon og rapportskriving av Håvard Hatløy.

**Seglmaking:** Starta opp arbeidet med sauming av segl til den nybygde Strandafæringen til museet. Før sauminga tok til, har gamle segl og båtar vorte granska. Håvard Hatløy leiar arbeidet med Museumsbåtlaget som arbeidskraft.

**Steinhus/ steintak:** Deltaking i oppattføring av trodhus Syltefjorden. Frå SSM Lars Longva og Håvard Hatløy.

**Kulturlandskap:** Registrering, dokumentasjon og tilstandsrapport av kvennhusanlegg i Frøystadvågen, sjå under punkt 8.0.

## 8.0 EKSTERN VERKSEMD, KONSULENTARBEID, KULTURVERNARBEID

Herøy Kystmuseum ved avd.leiar Håvard Hatløy, fekk i oppdrag av fylkeskonservator, Jens Peter Ringstad, å lage ein tilstandsrapport og eit forslag til skjøtting av eit kvernhusanlegg i Frøystadvågen. Rapporten tek føre seg både det byggetekniske og det omkringliggande kulturlandskapet.

Rapporten sin tittel: *Kvernhus med omkringliggande kulturlandskap. Frøystadvåg, Herøy kommune, Møre og Romsdal.*
*Registrering og kartlegging av kulturlandskap ikring kvennhus i Frøystadvågen.*
*Gnr. 21, Bnr.1 Eigar: Per Kristian Frøysa.*
*Av Håvard Hatløy, avdelingsleiar og fagkonsulent ved Herøy Kystmuseum.*

## 9.0 INNSAMLING, DOKUMENTASJON OG REGISTRERING AV GJENSTANDAR

**9.1 Registrering av gjenstandar (skille mellom før og etter 1945)**
Registrering/ protokollføring av innkomande gjenstandar. Ikkje elektronisk registrert.

**9.2 Registrering av anna materiale (foto, film, arkiv, bøker...)**
I påvente av datautstyr og dataprogram Primus.
**9.3 Planarbeid**

## 10.0 FØREBYGGJANDE KONSERVERING OG MAGASINERING/LAGRING

I påvente av nytt magasin i Borgundgavlen, vert arkiv oppbevart på loftet i hovudbygninga.

## 11.0 BÅTAR(antikvariske og kopiar)

**11.1 Stell av småbåtane:**

- Tjørebreiing og vårpuss av Kvalsundbåten, Leikongfæringen *Herman-båten, Sneidefæringen* og *nyefæringen.*
- Botnsmøring av dei båtane som skal ligge ute.
- Klargjering vinteropplag. Berge vert sett på land ved parkeringsplassen og breia ned med presenning. Resten av småbåtane vert sett i naust og sjøbud.

*Kommentar:* Nytt tilfar til Sneide-færingen og reperasjon av Kvalsundbåten har ikkje vorte prioritert.

**11.2 Vedlikehald av jekta:**

- Klargjering vinteropplag. Bygging av reisverk til presenning. Nedbreiing med presenning.
- Reingjering av skitt innabords i alle suder og vagråser.
- Tjørebreiing av skrog, inn- og utvendig.

- Maling av ripbord, langisen, dreglar, stamn, styrehovudet, vindu, namnskilt.
- Tjørebreiing av master og rå.
- Tjøring av alt tilfar.
- Tjøring/ smøring og talging av ståande og løpande rigg.
- Smøring av røstjarn og styrejarn.
- Ny stamnurve til bolineblokka.
- Smøring og talging av alt tòg på segl og bonettar.
- Barking av segl.
- Klargjering båtsetting; Avtale mobilkran. Setting på land og sjøsetting. Fjerning av barlast og tilfar.
- Rigging; Ståande og løpande rigg. Hekling av bonettar. Bendsling av smett og skaut til storsegl og bonettar. Sying til råa.
- Styrbord kolle på vengtaket har vorte skifta, samt rekka.
- Kontroll av det elekstriske; Har ikkje rep. elektrisk stoppar på motorane eller vasspumpe ferskvannstank. Kontroll av redningsutstyr; brannslokkingsapparat, m.m.
- Tilsyn ved kai.

*Kommentar:* Reperasjon av vengtaket har ikkje vorte gjort. Material er skaffa og ligg klar. Tida har ikkje strekt til. Anna som ikkje er gjort: Montering av vengrennestokk, plittrennestok, stamnhatt, ekstra stag og skifting av redningsflåte.
*Timar av avdelingsleiar:* 132 timar.
*Arbeidshjelp frå andre museum:* 26.5 og 24.10 – Norvald Øye, 8 timar.
*Dugnadskveldar:* 27-28.mai, 19.okt og 23.okt. Tilsaman 309 timar .

## 12.0 ANTIKVARISKE BYGNINGAR

### 12.1 Vedlikehald

**Sjøbud:**
Mala nordveggen. Kjitta oppatt 3 vindu på austvegg. Det har ikkje vore tid til å starte opp arbeidet med å restaurere vindua på nordveggen.

**Hovudbygning:**
Firmaet Cementprodukt AS var på synfaring i desember. Fekk eit tilbod på renovering. Tilbodet vart godteke og dei kjem til å starte opp arbeidet over nyåret.

Arbeidet med takrennene har ikkje vorte gjort i påvente av finansiering.

**Vinkjellar.** Det er laga eit prospekt på gjennomføringa.
Som avdelingsleiar arbeider eg med prosjektet i ledige stunder, men det er lite rom for arbeidet i den daglege drifta. Det meste av materialen er innkjøpt og bearbeidinga av takåsane er ferdig.

**Stabud:**
- Skifta fleire bord på sørveggen.
- Maling/ flekking av alle veggane.
- Ny dørstokk.
- Vannbord over dør.
- Flytting av innvendig trapp til sin orginale stad.
- Reperasjon av dør inn til tømmerromet.
- Reperasjon og montering av låsar på dørene.

**Potetkjellar:** Har ikkje vorte prioriter no. Viser elles til tilstandsrapporten og prioriteringa der.

## 13.0 DRIFTSBYGNINGAR OG ANLEGG

### 13.1 Bygningar

Starta opp arbeidet med å skjule ledningar frå brann-/ innbrotssentralen som går opp i etasjene i gangen og opp til sikringsskapet på loftet. Dette er endå ikkje ferdig.

**13.2 Uteområde**
**Kulturlandskap:**

- Oppsetting av nytt gjerde med ny grind, frå brønn til toalettbygget. Restaurering av fjøsmur, som no fungerer som ein del av gjerdet.
- Slått av; tunet, område mellom vegen og gravplassen, område nord om stabud og veg.

**13.3 Sikring**
Rullering av sikringsplanen har starta opp. I den samanheng har museet fått ein branndokumentasjon/ HMS perm ifrå kommuna som skal passast til museet. Elles vert det arbeidd med serviceavtale av varslingsanlegget og kopling av sentralen til Ålesund. Etter samtale med kommuna må museet koste dette sjølv. Dette er ikkje budsjettert i 2007.

Det har vorte rydda i alle bygg på museet, mykje brannfarleg rot er fjerna.

Skilting om ildforbod har ikkje vorte gjort, heller ikkje betre sikring av omtalte dører i årsplanen.

## 14.0 VENNEFOREINING

Styret arbeider med å få i gang ei venneforeining. Ein ser for seg at dette er på plass i 2007. Støtte foreiningar elles er; Herøy Museumsbåtlag, Herøy Sogelag, Stiftinga Herøyspelet og Herøy og Sande Husflidslag.

## 15.0 ANNA

### 15.1 Dugnadshjelp

Museet har i hovudsak hatt dugnadshjelp frå Herøy Museumsbåtlag, eigarstyret og Sunnmøre Folkehøgskule. Dugnadstimar totalt har vore 421.

## 16.0 REGNESKAPSFØRING OG REVISOR

**Regneskapsbyrå:** Fokus Regnskap AS, Herøysenteret, 6092 Eggesbønes.
**Revisor:** NORAUDIT AS, Bjørndalvegen 7B, 6067 Ulsteinvik

Herøy Gard, den 30.01.07

I styret for Herøy Kystmuseum

| | | |
|---|---|---|
| Bjørn Otterlei<br>Styremedlem | Tor Sindre Steinsvik<br>leiar | Dag Hemmum<br>nestleiar |
| Jarl Grimstad<br>Styremedlem | Kari Holkestad<br>Styremedlem | Håvard.Halløy<br>avd.leiar |

http://epost.telenor.no/mobileoffice/?cmd=mail&sub=attachment&folder=INBOX&m... 02.02.2007

BDO Noraudit

**BDO Noraudit Ulsteinvik AS**
Bjørndalvegen 7B
Postboks 93
N-6067 Ulsteinvik

Telefon +47 70 01 81 81
Telefax +47 70 01 81 91
Foretaksregisteret: NO 945 669 519 MVA

ulsteinvik@bdonoraudit.no
www.bdonoraudit.no

Til årsmøte i
Herøy Kystmuseum

Vår ref.: H14Z-23 EZ /ima

# Revisjonsberetning

for

Herøy Kystmuseum

Vi har revidert årsregnskapet for Herøy Kystmuseum for regnskapsåret 2006, som viser et overskudd på kr. 9.758,-. Vi har også revidert opplysningene i årsberetningen om årsregnskapet, forutsetningen om fortsatt drift og forslaget til anvendelse av overskuddet. Årsregnskapet består av resultatregnskap, balanse og noteopplysninger. Regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge er anvendt ved utarbeidelsen av regnskapet. Årsregnskapet og årsberetningen er avgitt av selskapets styre og daglig leder. Vår oppgave er å uttale oss om årsregnskapet og øvrige forhold i henhold til revisorlovens krav.

Vi har utført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder revisjonsstandarder vedtatt av Den norske Revisorforening. Revisjonsstandardene krever at vi planlegger og utfører revisjonen for å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon. Revisjon omfatter kontroll av utvalgte deler av materialet som underbygger informasjonen i årsregnskapet, vurdering av de benyttede regnskapsprinsipper og vesentlige regnskapsestimater, samt vurdering av innholdet i og presentasjonen av årsregnskapet. I den grad det følger av god revisjonsskikk, omfatter revisjon også en gjennomgåelse av selskapets formuesforvaltning og regnskaps- og intern kontroll-systemer. Vi mener at vår revisjon gir et forsvarlig grunnlag for vår uttalelse.

Vi mener at
- årsregnskapet er avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et rettvisende bilde av selskapets økonomiske stilling 31. desember 2006 og for resultatet i regnskapsåret i overensstemmelse med god regnskapsskikk i Norge
- ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge.
- opplysningene i årsberetningen om årsregnskapet, forutsetningen om fortsatt drift og forslaget til anvendelse av overskuddet er konsistente med årsregnskapet og er i samsvar med lov og forskrifter.

Ulsteinvik, 30. april 2007

Eldar Zahl
Registrert revisor

BDO International is a world wide network of public accounting firms, called BDO Member Firms, serving international clients. Each BDO Member Firm is an independent legal entity in its own country.

Foretaksregisteret: NO-945 669 519 MVA
Medlem av Den norske Revisorforening
BDO Noraudit har kontorer over hele landet.
For oppdatert oversikt se www.bdonoraudit.no